



Arkiv nr:

Sak nr 22/2016


Møtedato: 31.8.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

F755, Vaset - søknad om midlertidig beite

Knut Storhaug søker om å få vist ut midlertidig beite på Vaset. Han fekk i sak 12/16 vist ut midlertidig den dyrka delen av F755 på vilkår m.a. av at gjerderester rundt udyrka del vart fjerna. No søker han om å få vist ut denne restdelen av F755 og i tillegg arealet mellom F755 og 753. Omsøkt areal er vist på kart.



Området er i kommuneplan regulert til bustadfelt. Utvisinga kan derfor berre vera midlertidig inntil arealbruken blir avklara i revidert kommuneplan. Kommunen har opplyst at arealet sannsynlegvis blir tilbakeført til LNF ved revisjon av kommuneplan. Kommuneplanleggar har opplyst at endeleg vedtak om arealbruk blir vedteken i ny kommuneplan, sannsynlegvis om eitt til to år.

Restarealet av 755 kan ikkje dyrkast opp så lenge det er regulert til bustadfelt. Området kan likevel nyttast til beite. Arealet har tett skog og det føresett at det må ryddast ein del skog. Sidan arealbruken ikkje er avklara, bør det ikkje snauhoggast, men avgrensast til tynning.

Stølsforskrift § 5. Beiteareal, inngjerding, natthamning og gjetarbu

Jordbrukar med beiterett i statsallmenning kan få utvist areal til inngjerding og natthamning (beiteareal), og ein stad for oppføring av gjetarbu, anten aleine eller saman med andre jordbrukarar. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for areal til inngjerding eller gjetarbu, ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Søknad om å få utvist beiteareal og ein stad for oppføring av gjetarbu skal sendast til fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Fjellstyret tek avgjerd om beiteareal og gjetarbu, og fastset dei nærare vilkåra for det utviste, under dette vilkår om oppføring av gjetarbu, kva slags bygningar som kan setjast opp, frist for å ta bua eller beitearealet i bruk m.m. Fjellstyret skriv ut eit dokument til beitebrukaren om utvisinga. Statskog SF skal ha kopi av det endelege vedtaket og dokumentet til beitebrukaren.

Statskog SF tek avgjerd om inngjerding av beiteareal etter tilråding frå fjellstyret.

I avgjerda kan Statskog SF setje dei vilkåra som er nødvendige, mellom anna kva slag gjerde søkjaren skal bruke og kor det av omsyn til ferdsel skal vere eit le eller ei grind.

Når beitearealet eller gjetarbua ikkje lenger er i bruk skal fjellstyret fatte vedtak om at inngjerdinga eller gjetarbua skal fjernast, om det ikkje kan utvisast til ein annan som har bruksrett. Elles gjeld føresegnene om fjerning av hus i § 8 tilsvarande.

Statskog har gjev slik uttale:

Det foreligger planer for området i henhold til kommuneplanen og egen revisjon av reguleringsplan for området – Stubbeset. Jeg ser at Statskog tidligere i 2015 har uttalt seg til arealet. Siden dette er områder som er avsatt som boligformål, så vil gjerne Statskog komme med en uttalelse i denne saken.

Statskog ønsker ikke at området mellom fnr. 755 og fnr.753 blir utvist. Det er viktig å sikre en korridor/buffer mellom områdene som ligger inne i planprogrammet til forslag for revisjon av reguleringsplanen. Dette vil

*bety at Statskog fraråder og utvise omsøkt utvidet areal. En utvidelse av utvist areal til å gjelde hele fnr. 755, ser vi ikke på som noe problem så lenge det er midlertidig. Dersom det utvidede området likevel skulle bli utvist helt opp til grensen på fnr. 753, er det viktig å bemerke følgende:
«En eventuell utvisning av tilleggsareal med utvidelse mellom 755 og 753 vil ikke gi brukeren noen forrang til annen type fremtidig utvikling i samsvar med planformål på samme areal». Utvisningen av fnr.755 er midlertidig i påvente av revisjon av kommuneplan og reguleringsplan.*

Ved ev. utvisning av arealet mellom 755 og 753 vil all passasje mellom bli stengt. Det er i dag ein avstand på ca. 10 meter mellom areala. Det vil i tillegg eit område mellom 766, 755 og 753 som blir ein «blindveg» og som er ekstra uheldig for beitedyr. Det bør derfor vera att ei passasje på ca. 10 meter mellom 755 og 753/766. Utvisning i sak 12/16 gjeld dyrka del av 755 og det vil vera rom for å få til 10 meter passasje mellom dyrka areal av 755 og 766.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret vedtek etter § 5 i stølsforskrift å vise ut restarealet av F755 som midlertidig beite til Snorheim 87/12. Arealet er avgrensa med 10 meter korridor mot F753 og F766. Utvisinga er avgrensa i tid til arealbruk i kommuneplan for området er avklara. Bjørkeskogen på arealet kan tynnast forsiktig, men ikkje snauhoggast.

Vedtak

Fjellstyret vedtek etter § 5 i stølsforskrift å vise ut restarealet av F755 som midlertidig beite til Snorheim 87/12. Arealet er avgrensa med 10 meter korridor mot F753 og F766. Utvisinga er avgrensa i tid til arealbruk i kommuneplan for området er avklara. Bjørkeskogen på arealet kan tynnast forsiktig, men ikkje snauhoggast.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.8.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Knut Storhaug, Vestre Slidre kommune, Statskog